

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/4642-4

## Organisering av LAMU - nye ansvar inn under LAMU sentraladministrasjon

### Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet legg ned LAMU Ytre kultur med verknad frå 1.1. 2017
- 2) Einingane fylkesarkivet og fylkesbiblioteket får med dette tilknytning til LAMU sentraladministrasjonen.

### Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

Einingane under LAMU ytre kultur var tidlegare fleire einingar og berre ein var lokalisert innafør sentraladministrasjonen sine lokalitetar på Leikanger (Hermansverk). No står berre fylkesarkivet og fylkesbiblioteket att som slike einingar og dei begge er samlokalisert med sentraladministrasjonen høvesvis på Leikanger og i Førde. Det er difor ei god pragmatisk løysing å inkludere deira hmt-aktivitet under LAMU sentraladministrasjonen.

### 2. Handsaming i HSU og i LAMU sentraladministrasjonen

Behandling i møte den 12.10 2016 kom etter drøftingar kom utvalet fram til følgjande vedtak:

- 1) *Hovudsamarbeidsutvalet vurderer å legge ned arbeidsmiljøutvalet for ytre kultur.*
- 2) *Hovudsamarbeidsutvalet ber arbeidsmiljøutvalet for sentraladministrasjonen om å vurdere å opprette underutval som skal ivareta fylkesarkivet og fylkesbiblioteket sine hmt-interesser.*
- 3) *Ein eventuell reorganiseringa skal ta til å virke frå 1.1.2017.*

Vedtaket i HSU over er ei bestilling til LAMU sentraladministrasjonen som i sin tur handsama dette i deira møte den 8. desember 2016. Utvalet LAMU sentraladministrasjonen gjorde då følgjande vedtak:

1. *Om HSU vel å legge ned ytre kultur, vil LAMU sentraladministrasjonen overta ansvaret som no ligg til LAMU ytre kultur.*

*2. LAMU sentraladministrasjonen ser ikkje pr. no at det skal vere behov for oppretting av underutval (for å sikre fylkesarkivet og fylkesbiblioteket sine HMT - interesser). Dette er vurdert utifrå tal tilsette i ytre kultur, og at det bør kunne handterast i LAMU sentraladministrasjonen.*

*3. Ei eventuell omorganisering skal gjelde frå 01.01.2017*

Fylkesrådmann konkluderer då med å råde hovudsamarbeidsutvalet til å legge ned LAMU ytre kultur og å implementere einingane fylkesbiblioteket og fylkesarkivet inn under LAMU sentraladministrasjonen. Dette med verknad frå 1. januar 2016.

Dette har konsekvensar for korleis vi presenterer sjukefråværsstatistikk og anna statistikk der sentraladministrasjonen vert namnet på eininga. Ansvara 580 og 595 vert no inkludert.

### **3. Konklusjon**

Denne organiseringa vil effektivisere og gjere LAMU sentraladministrasjonen sit arbeid fagleg breiare og noko meir omfattande. Dette vil berre styrke utvalet sine oppgåver.